



Region Nordhordland IKS

06. desember 2022

post@regionnordhordland.no

Høring Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Vi viser til invitasjon til å delta på høring til interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, datert 20. okt. 2022. Vi viser også til tidlegare innspel til planen.

Lerøy Sjøtroll (LS) disponera 9 lokalitetar i sjø i dette området, i tillegg til eit setjefiskanlegg med produksjon av om lag 12,5 mill. stk. setjefisk av regnbogaure, stamfiskstasjon på land på Saltverket, Kalvehagen i Fotlandsvåg og bearbeiding på Fossen i Valestrandsfossen. Dette utgjer over 20% av den totale aktiviteten i selskapet og er derfor eit viktig område for Lerøy Sjøtroll.

Dette området ligg i PO4 der vi har fått raudt lys og nedtrekk for andre gang i denne regionen. Dette har store konsekvensar for LS sin aktivitet i området. Vi ønsker å kunna snu denne trenden, slik at vi kan få grønt lys, få tilbake produksjonskapasitet, og også vokse i denne regionen. Det er derfor viktig at ein legg til rette for ein berekraftig produksjon av laks og regnbogaure i denne regionen. Ein reduksjon av lokalitetsvolumet i regionen vil også få konsekvens for vertskommunane, ved redusert del til utbetaling frå Havbruksfondet i framtida. Det er derfor viktig for både kommunane og næringa å få til ei god framtidsretta løysing gjennom framtidig kommuneplan for regionen. I tillegg til lus på villfisk og fare for røming er det naturmangfald og skipslei som er dei største utfordringane i dette planarbeidet, da ein må ta omsyn til Vassdirektiv og tilstand i Vassførekomsten i området.

I dette innspelet vil vi konsentrera oss om Radfjorden, Hindenesfjorden, Osterfjorden ved Bjørsvik og ved Fedje, da vi meina at desse forslaga kan vera med å bidra til å oppretthalda produksjonen i området, og at ein samtidig kan koma i grønt trafikklys for PO4.

Innspel Radfjorden:

Radfjorden er eit av dei områda som gjev den beste produksjonen for LS, derfor ønsker vi å oppretthalda produksjonen her. Vi ser samtidig at det er utfordrande å holda tilstand god eller betre på MOM-B og - c undersøkingane. Det er samtidig eit høgt nivå av koper på havbotnen her. Eit av tiltaka Lerøy Sjøtroll har satt i verk for å betra på dette er å slutta med kopar impregnering i nøtene, dette ble gjennomført for fleire år sidan. Skal vi gjera ytterlegare tiltak for å redusera belastninga på botnen i Radfjorden, må vi starte oppsamling av organiske partiklar. Dette er nå gjort i Sørfjorden, etter at vi fekk tilgang

LERØY VEST

Skipavika 54,
N-5397 Bekkjarvik, Norway

Phone + 47 91 91 18 00
Foretaksregisteret/VAT NO 886 813 082 MVA


Email firmapost@sjotro.no
ll.no
leroyseafood.com

til eit større areal og dermed skifta ut kompakt stålanlegg med ringar i ramefortøying. Tiltaka vi kan gjera for å redusera fotavtrykket i Radfjorden er å samla produksjonen som i dag er på fire lokalitetar til to lokalitetar i framtida. Dei to lokalitetane vi vil satsa på er lokalitet Grasholmen og Stolane. I tillegg vil vi gjennomføra oppsamling av organiske partiklar på desse to lokalitetane. For at vi skal kunna gjennomføra dette, må vi først få tilgang til areal som er stort nok til ringar i ramefortøying og at det er plass nok til å samla produksjonen. Det krevst også flåtar som er tilpassa, slik at ein kan ta imot slam frå merdane og kostnaden med dette vert så stor at vi ikkje kan gjennomføra dette på alle fire lokalitetane. Vi føreslår derfor i vedlegg at ein justera AK-området ved Stolane, slik at det blir plass til to rekkjer med ringar og at vi samtidig trekkje området bort frå kvit sektor på Vardeneset lykt. Vi føreslår også ei justering av forslag til AK-området ved Grasholmen, slik at det der også blir plass til ringar i ramefortøying med oppsamling av organiske partiklar. Her har vi juster forslaget slik at vi kjem lengre vekk frå leia og rekefelt, med passasje på begge sider av lokalitet inn til Sæbøvågen. Dette vil ikkje føra til ein auke i produksjonen, men ein moglegheit til fortsett å produsera fisk i opne merdar i fjorden. Vi vil ikkje anbefale å ta bort dei AK-områda på Bogno og Ramsvik, som vi nyttar i dag, da dei kan nyttast til å testa ut ny produksjonsteknologi i framtida.

Innspel Hindenesfjorden:

LS disponera i dag ein stamfisklokalitet i sjø ved Storskrebukti i Hindenesfjorden. På denne lokaliteten er det godkjent eit kompakt stålanlegg, som ligger på dispensasjon utafor AK-området. Her er tre viktige moment, 1. vi må få anlegget innafor AK-område, slik at vi slepp å liggja på dispensasjon. 2. I tillegg må vi rigga/utvida AK-området for framtida, da er det ringar i ramefortøying som vert aktuelt. Alternativt at vi har moglegheit til å fortøya eit lukka/semilukka anlegg her, slik at vi kan verna stamfisken mot smitte. 3. Flytta AK-området så langt frå land, slik at ein redusera risikoen for at eit ras frå land kan skade anlegg eller fisk. Vi har også her tatt inn eit tillegg på 20m der det er ferdselsforbod i arealforslaget. I opprinneleg innspel tok vi med heile arealet ein treng til anlegg og fortøyingar, men nå har vi endra til overflateareal, men da må nærliggjande areal ha moglegheit til å ha fortøyingar frå Akvakulturanlegg.

AK-området ved LS sin tidlegare lokalitet ved Øverås, kan De stryka frå arealplanen, slik at det redusera moglegheit for at nokon etablera seg i nærleiken av stamfiskanlegg i sjø ved Storskrebukti.

Innspel Bjørsvik:

Figur 1. Utsnitt som viser føreslege område for Havneområde/Farlei i Bjørsvik

Lerøy Vest avd Bjørsvik driv produksjon av settefisk basert på vasskjelde i Husdalsvatnet. Produksjon skjer innafor produksjonsløyve for lokalitet 13653. All fisk ut frå anlegget vert skipa med brønnbåtar. Bransjen er i kontinuerlig utvikling og dagens driftsmønster set andre krav til transport enn det ein fram til no har nytta. Nye fartøy er større og mindre forureinande. Med større lastekapasitet vert anløpa sjeldnare, men liggetida pr anløp truleg noko lengre. Nye fartøy er langt mindre støyande og har moderate utslepp av lukt og synlege avgassar.


For å kunne halde fram eksisterande produksjon lyt settefiskanlegget i Bjørsvik legge tilhøva til rette for anløp av dei nye fartøya, som erstattar samtlege eldre fartøy.

Rettleiar for Planlegging i sjøområdene utarbeida av Kommunal- og moderniseringsdepartementet mai 2020 rår til å sikre transport som ikkje nødvendigvis vert definert inn under *farled*. Argumentasjonen kan vere å sikre ferdsel inn til eit område, langs ein gitt trasè. Utklypp under er henta frå rettleiaren.

Næringsområder som ligger ved sjø inneholder ofte sjørelaterte virksomheter med ulike behov knyttet til fartøyene som skal ha tilgang til næringsområdet. Det kan være behov for å sikre en viss eksklusivitet slik at fartøy knyttet til næringsvirksomheten kan ligge uhindret i sjøen, og at det ikke blir etablert anlegg i sjøbassenget. I slike tilfeller bør formålet *havneområde i sjø* benyttes i reguleringsplaner. I havneområdene i sjø vil ferdselen skje mer fritt og båter vil også kunne ligge i ro. I slike havner kan det være behov for å sikre ferdselen inn til området. I både reguleringsplaner og i overordnede planer kan en sette av areal som er lokalt viktige til *farled* da farledformålet ikke entydig er knyttet farledene som er fastsatt i [farledsforakriften](#). Farledsarealet vil være et område med trafikk av et visst omfang langs en gitt trasé.

Figur 2. Utklypp frå Rettleiar for Planlegging i sjøområdene Mai 2020

Føremålet Havneområde/Farlei vil sikre at drifta ved settefiskanlegget i Bjørsvik kan halde fram som i dag. Anløp av brønnbåtar vil kunne føregå på ein trygg måte samstundes som ålmeinta i større grad er sikra fri ferdsle til og frå båthavna. Utsnittet under viser situasjonsplan for tre ulike alternativ for lastekai som alle er innafor det føreslegne føremålet Havneområde/Farlei. Utsnittet viser også grunna som må fjernast for å sikre trygg ferdsle.



Figur 3. Situasjonsplan for tre ulike plasseringar av lastekai innafor føremålet Havneområde/Farlei. Grøn line markerer føremålsgrensa

Innspelsområdet inkluderer sjøområde ferdsel (FVE) i gjeldande reguleringsplan for Bjørsvik, planID 1263-200704.

Lastekai

Dagens lastekai er plassert langt inne i bukta og anløp av større båtar vil kunne hindre båttrafikk inn og ut frå småbåthavna som ligg lengre inne i vågen, og vil også kunne hindre ferdsel og auke risiko for uønska hendingar i samband med veteranbåten Oster sine aktivitetar. Dagens lastekai ligg også i eit område som

har for lita seglingsdjupne for dei nyare brønnbåtane. I Figur 3 er seglingsdjupne -8 meter markert med koter i blå farge.

Lerøy Vest Bjørsvik planlegg å etablere ny lastekai lengre ut i vågen, slik at allmenta si ferdsle vert sikra.

Vi har skissert dette i vedlegg og i tillegg sender vi over ei SOSI-fil over arealet.

Seglingsdjupne

I innseglinga til Bjørsvik ligg ei grunne som er til hinder for anløp av større båtar. Grunna er av begrensa omfang og videokartlegging viser at grunna er fast, blankskurt fjell og vil soleis ikkje ha vesentleg konsekvens for dyrelivet ved ei fjerning.

Nyare brønnbåtar krev seglingsdjupne på -8 meter for å kunne manvrere med låg risiko i lasta tilstand. Ein kan ikkje tillate at brønnbåtane risikerer å grunnstøyte fullasta med fisk

Omsynssone

I kommuneplan er det markert ei omsynssone (H560_N53) for raste- og beiteområde for fugl i Bjørsvik. Opprydding av private utslepp og næringsutslepp som er flytta ut av vågen, samt observasjonar, viser at også beiteområda for fugl ikkje lenger er lokalt inne på vågen i like stor grad. Utstrekning av omsynssona bør gjennomgå ei revidering.

Utafor Bjørsvik er det i dag eit område satt av til Akvakultur i sjø. Dette området ligger heilt inne i bukta og det er derfor utsett for uroleg-/returbølger, i visse vindretningar. Dette er bakgrunnen for at vi først føreslo eit stort AK-område der. Lerøy Sjøtroll sender her eit revidert forslag, der vi flyttar AK-området lengre vest, mot munningen ut frå Bjørsvik, slik at det blir rolegare sjø og ein får moglegheit til å fortøya eit lukka eller semilukka anlegg på lokaliteten. Eit slik anlegg vil gje LS moglegheit til å setja ut vaksinert fisk frå anlegget ved Bjørsvik i "lukka" anlegg i sjø ein periode, slik at vi kan flytte fisken vidare til lokalitetar i området. Dett vil avlaste setjefiskanlegget på Bjørsvik i periodar og samtidig redusera tida fisken går i opne merdar. Eit slikt tiltak vil redusera -smitte, -påslag av lus og -risiko for rømming.

Innspel Fedjefjorden - Hellosen 4633-154:

LS har sett nærmare på dette AKV-området i kommuneplanen og sett på ROS-KU for området. Her ønsker kommunen å nytte dette området til akvakultur, men i ROS-KU vurderinga hamner dette området i raudt på marine naturtypar i KU og under kategori Ulykkesrisiko på ROS hamner ein i raud kategori. Grunngevinga for marine naturtypar er auka belastning på anadrome vassdrag og vill laksefisk, kamskjellførekomstar i grunnområde rundt Fedje, kunnskap rundt korallførekomstar

er mangelfull og eit gytefelt for sild registrert i området. I tillegg er det nærheit til leia som aukar ulykkesrisikoen.

LS vil koma med eit innspel som kanskje kan godtakast av alle partar, der vi prøver å tilpassa forslag til AKV-område for å redusera påverknaden. Legg ein lokaliteten lengre sørover og med moglegheit til ei rekkje med ringar i ramefortøyning, vil ein koma bort frå grunnområda, samtidig som ein ikkje kjem nærmare leia og med moglegheit til å seila med mindre båtar på innsida av AK-området. Når det gjelder korallar, så vert det kartlagd i forkant av ein evt. søknad og da er det Statsforvaltaren og Fiskeridirektoratet som avgjer om ein kan få etablere ein lokalitet i areal avsett til akvakultur. LS meiner at dette vert ei betre løysing enn det arealet som er tilgjengeleg i dag. Detaljer på innspel finner ein i vedlegg.


Føresegner:

LS har 3 merknader til føresegnene til arealplanen, alle under punkt **3.1.9. a) For akvakultur i sjø og vassdrag (ASV)**

Følgjande gjeld for alle lokalitetar for akvakultur:

II. Fortøyningar til akvakulturanlegg: (tredje kulepunkt)

- *"Kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur dersom dette ikkje er i konflikt med tilgrensande arealbruk. Fortøyningar skal likevel ikkje gå inn i område avsett til "fiske".* Innspel på dette er at det er store områder satt av til fiske, gjennom aktive og passive fiskefelt og fleirbruksområde med fiske. Det er store areal satt av til rekefelt, desse ligg inn under aktive fiskefelt og her får ikkje akvakulturanlegg etablere seg i overflata eller fortøyningar. Teksten her må endrast til "rekefelt", slik det er praktisert i dag.
- *"Når fortøyningane forlater området satt av til akvakultur skal fortøyningane vere djupare enn kote minus 25m. Innspel på dette er at denne setninga må takast ut."* Konsekvensen av ei slik føresegn vert at ingen av dei eksisterande områda kan søkjast endring på, da dei kjem i brot med føresegnene. Dei eksisterande AK-områda ligg som "frimerke" rundt anlegga og dermed er fortøyningane grunnare enn 25m når dei forlate AK-området. Vi har sett på ein eksisterande lokalitet og prøvd å visa i figur under.



Figur 4: Viser AK-området (lilla felt) med ramefortøyning (svarte ruter) og fortøyingar gul line.

Denne lokaliteten er i dag godkjent etter gjeldande arealplan, men er i brot med føresegnene i føreslått plan. Dei gule merka med utropsteikn visar kor fortøyningane passera 25 m djupne og mange av punkta ligg utafor AK-området. Her må ein da utvida AK-område for å sikra denne føresegna, men ein vil da koma inn i kvit sektor med areal avsett til akvakultur. Ein kan dermed ikkje søkja endringar her, da ein vil koma i konflikt med ny arealplan.

Følgjande gjeld ved etablering av nye lokalitetar eller vesentleg endring for akvakultur

II. "Skal det vurderast om det skal utarbeidast **reguleringsplan/detaljplan** før tiltak kan setjast i verk, jf. pbl. §11-9 nr.1"

Vi vil her vise til prosessen ein nå gjennomfører ved å leggja ut areal til akvakultur og sjølve søknadsprosessen: a) søker utforma og sender søknad med alle relevante vedlegg til Fylkeskommunen som kvalitetssikrar at søknaden er i trå med gjeldande arealplan og krav i regelverket. b) Fylkeskommunen sender så søknaden til gjeldande kommune og sektormyndigheiter. c) Kommunen legg søknaden med vedlegg til offentleg gjennomsyn i fire veker d) Kommunen fattar vedtak ut frå arealplan og innkomne merknader i høyringsrunden og vedtaket vert så sendt tilbake til Fylkeskommunen. e) Sektormyndigheiter som mottar søknaden, behandlar søknaden etter sine sektorlover og dette er -Statsforvaltaren, -Mattilsynet, -Kystverket (alle med vetorett) og -Fiskeridirektoratet. Når Sektormyndigheitene har sakshandsama søknaden sender dei vedtaket tilbake til Fylkeskommunen. Fylkeskommunen fattar deretter vedtak ut frå innspela som er komen inn i prosessen. LS meina at dette er ein stor og omfattande prosess der alle involverte partar har moglegheit til å uttala seg. Ved å innføra krav om reguleringsplan vil dette føra til auka saksbehandlingstid med 1-2 år, dobbel handsaming da det er dei same sektormyndigheitene som skal handsama både reguleringsplan og søknad. I tillegg vil dette føra til

ein auke i kostnaden med å søkja om endring av lokalitetar i dette området i framtida.

Vedlegg:

- Vi har lagt ved kartskisse med posisjonar for dei ulike innspela, slik at De kan overføra innspela til kartløysingane.
- Det er lagt ved SOSI-fil ved Bjørsvik

Ta kontakt med underteikna om noko er uklart

Med venleg helsing



Nils Arve Eidsheim
Samfunnskontakt
Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk